

## 20 Gossen barne- og ungdomsskole

*Presentasjon av tenesteområdet*

Gossen barne- og ungdomsskole er ein grunnskole med 1. – 10. årssteg.

Eininga har budsjettansvar for 2 område – grunnskole og SFO.

Skolen har no 320 elevar og 61 tilsette. Skolen vart opna hausten 2013, og vi har flotte rammer for opplæringa både inne og ute. Det er viktig å få på plass gode rutiner for å ta vare på bygg og uteområde.

**Verdigrunnlag for skolen: Skolen skal bygge sin praksis på verdiane i formålsparagrafen, og han skal, i samarbeid og forsting med heimen, opne dører for verda og framtida for elevane**

### Måla for Gossen barne- og ungdomsskole

#### **Godt skolemiljø:**

- ALLE elevane skal oppleve eit trygt og godt skolemiljø
- Skolen vil jobbe saman med elevane og heimane for å nå målet om at alle skal høyre til
- Nulltoleranse mot mobbing, aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt dersom nokon blir krenka

#### **Utviklingsarbeid-Tidleg innsats;:**

- Eit godt læringsmiljø med tydeleg klasseleiing
- Alle elevane som heng etter skal få tilbod om intensiv opplæring i lesing, skriving og rekning på 1.-4.årssteg
- Fagleg utvikling for ALLE elevane

#### **Særskild norskopplæring-tilpassa opplæring :**

- Skolen har mange framandspråklege elevar. God særskild norskopplæring er viktig for å sikre at dei så raskt som mogleg vert integrert i ordinær undervisning.
- I den ordinære undervisninga blir det stort sprik i elevflokket og vi må sette inn ressursar for å tilpasse opplæringa etter føresetnadene til elevane- både fagleg, sosialt og kulturelt.

Eininga jobbar kontinuerleg med å nytte ressursane/ramma vår til det beste for elevane.

*Utvikling av eininga /tenesteområde i økonomiplanperioden*

### Revidert Kap 9A i opplæringslova

Nye reglar om skolemiljø og mobbing gjeld frå 1. august 2017. Reglane sikrar nulltoleranse mot mobbing. Elevane har rett til å ha det trygt og godt på skolen og til å seie meininga si og bli høyrd. Skolen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt.

For å styrke arbeidet med å avdekke og forebygge skjult mobbing har vi gjort avtale med Tove Flack som vil komme til skolen vår jan. 2018. Ho vil halde kurs for tilsette ved Gossen bus og Julsundet skole. To gongar har Tove Flack halde kurs for tilsette ved skolen vår. Siste gong hadde ho publisert INNBLIKK- et social-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing. Det hefte kjøpte vi då inn til alle tilsette. Heftet er to-delt. Første delen handlar om broken av sosiogram. Denne gongen

er fokuset på observasjon. Ho er truleg av dei med mest kompetanse i dette vanskelege fagfeltet.

### **Kulturelt mangfald:**

Skolen skal ivareta kulturelt mangfald, inkludere alle elevane i fellesskapet og fremje felles verdiar. Skolen skal også skape respekt for at mennesker er forskjellige, og lære å løyse konflikter på ein fredleg måte.

Medansvar og medverknad/demokrati er ein bærebjelke i samfunnet, og opplæringa skal fremje oppslutning om demokratiske verdiar og demokratisk styreform

### *Fokusområda har vore:*

- Omsetje innhaldet i «Handbok i klasseleiing» til praksis- vaksne som handlar likt
- Bruk av gode tilbakemeldingar i faga som ein motiverande faktor-vurdering for læring og som verkty for godt læringsmiljø
- Kartlegging av sosialt samspel mellom elevar- kva når samspelet sviktar? Bruke sosiogram som verkty når det er relevant
- Klasseleiing- godt samspel mellom vaksen og elev
- Bruk av elevar som trivselsleiarar
- Personalgruppa prøver å jobbe meir forskningsbasert for å utvikle eit profesjonsfellesskap. Fokusområde har vore å lage nye utgåver av skolen sitt ordensreglement og skolen si Handlingsplan mot mobbing i tråd med gjeldande lover.
- Vi vil fortsetje å jobbe med skolebasert kompetanseutvikling for å få opplæringa meir variert og praktisk, i nettverk med Julsundet og andre skolar.
- Helsesøster på skolen 3 dagar i veka, det vert arbeidd i fellesskap for å styrke elevane si psykiske helse.

### *Delmål i økonomiplanperioden*

Utgangspunktet for drifta til Gossen barne- og ungdomsskole er det mandat vi har fått gjennom lov, forskrift og avtalar, samt læreplanverket og budsjett.

### *Utfordringar og tiltak 2017*

**Godt skolemiljø:** Å sørge for at alle elevane har det trygt og godt på skolen og lærer mest mogleg både fagleg og sosialt.

**Tidleg innsats:** Det blir viktig å lage system for alle elvar som blir hengande etter i lesing, skriving og rekning slik at dei får intensiv opplæring.

**Opplæring for språklege minoritetar:** I Stortingsmelding 21: Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen (2016 – 2017) kom det fram at skolen i Norge er prega av store ulikheiter. Dette gjeld også for nykomne elevar. For barn og unge i skolen med kort botid i Norge er tidleg innsats spesielt viktig. Særskilt språkopplæring er eit viktig tiltak for tidleg innsats.

**Folkehelse og livsmestring:** Elevane skal lære å mestre kvardagane og få støtte til å oppleve livet som meningsfullt. Her trengs fleire yrkesgrupper inn i skolen. Vi har helsesøster 3 dagar. Vi ønskjer og psykolog ein dag i veka.

**Læreverk:** Fleire læreverk treng no å skiftast ut og fleire datamaskiner treng å byttast. Når det gjeld læreverk er fleire so gamle at det ikkje er råd å få kjøpt til bøker. Prioritert no er norskverk til 5.-7.klasse og nytt engelskverk på 1.-10.klasse. Deretter samfunnsfag og naturfag.

**Kompetanse:** Nytilsette lærarar får ikkje lenger undervise i norsk, matematikk og engelsk utan fordjuping. Kravet er minst 30 studiepoeng på barnesteget og 60 studiepoeng i ungdomskulen. Å rekruttere nok kvalifiserte lærarar framover vil bli ei utfordring. For å ivareta kompetansekravet tek fleire av dei tilsette vidareutdanning.

**Mange nok kompetente vaksne som er tett på både fagleg og sosialt er vesentleg for å nå måla for opplæringa i grunnskolen.**